

Villreinen og kulturarven

- Referat frå møte i arbeidsgruppa 17. oktober 2018 (skype)

Til stede: Snorre Haukalid, Turi Ottersland Tjøstheim, Kirsten Leira og Jørn Haug (referent)
Forfall: Astrid Nyland og Håkon Aarhun

Sak 1. Oppfølging av gjeremål frå førre møte 3.9.2018.

1.1 Bransjerepresentant i arbeidsgruppa.

Bestyrer på Haukeliseter fjellstue har takka ja til å bli med i arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa ønskjer Håkon Aarhun velkomen inn i arbeidet.

1.2 Supplering av lista over ressurspersonar for skrivning av lokal villreinhistorie + delta i formidlingsoppdrag på kulturminnevandringar

Snorre Haukalid har vore i kontakt med Magnar Undheim. Han er interessert i å skrive noko frå Sirdal og kanskje også Kvinesdal. Snorre tar kontakt med han for å diskutere rammer for eit slikt oppdrag. Produktet skal ikkje vera for omfattande. Må ta med seg historie så langt tilbake som ein har skriftlege kjelder og fram til kva plass villreinen har i lokalsamfunnet i dag. Intervju med lokale kjelder må inngå i arbeidet.

For Kvinesdal finnst også andre aktuelle personar til å bidra i arbeidet, anten til å skrive eller bidra med historier eller bilete:

- Dag Olav Norås
- Torleiv Kvinen
- Åge Kvinen
- Jan Kvinlaug

I tillegg til Sirdal prioriterer ein dei litt meir perifere villreinkommunane for skrivning av lokal villreinhistorie; Åseral, Kvinesdal og Bygland.

1.3 Formidling av villreinrelaterte kulturminne på digitale plattformer.

Arbeidsgruppa har i dei tidlegare møta vore innom fleire aktuelle løysingar (hopperguide mv) som vert nytta andre plassar. Sjå tidlegare referat. Snorre synte også til Lanterna Vox v/Anette Rattfelt som har laga digital formidling mange stader i agder. Her har ein sett opp lokal wifi-sender drive av batteri evt. solcelle. Film, kart og tekst vert lagt inn på lokal server. For å sjå innhaldet nyttast smarttelefon eller lesebrett. Bruk av skilt med QR-koder er også ei enkel og velprøvd løysing. Uansett løysing er det viktigaste at sidene ein syner til er godt gjennomarbeida i høve til innhald og layout. Viktig at ein nyttar løysingar som er enkle og drifte samt oppdatere med nytt materiale. Må kunne driftast etter prosjektperioden utan altfor store kostnader.

Astrid deltok ikkje på møtet med hadde på førehand sendt over nokre tips. På museet vert det jobba med ein museumsguide (hopperguide). Tidlegare tilsett i Rogaland Fylkeskommune, Jens Flemming Krøger (nå Statens Vegvesen), har jobbe ein del med formidling av helleristningar og kan vera aktuell person å forhøyre seg med.

Arbeidsgruppa har ikkje kompetanse til å vurdere dei ulike løysingene for å avgjere kva ein skal gå for. Semje om å be om eit møte med Rattfelt og Norsk Villreinsenter sør v/Anders Mossing for å komme vidare. Jørn organiserer eit slikt møte. Snorre og Kirsten møter frå arbeidsgruppa.

1.4 Presentasjon av villreinrelaterte kulturminnelokalitetar der det er aktuelt å teste formidling med bruk av QR-kodar + annen fysisk informasjon. Prioritering av gruppa i høve til tilgjenge, sårbarheit mv.

Semje om å starte med å lage eit kart med oversyn over aktuelle lokalitetar. Prioritere dei som er lett tilgjengeleg. Må også vurderast i høve til sårbarheit knytt til ferdsel. Astrid tar ansvar for utarbeiding av kart, forespør Sveinun Bang Andersen for bistand. Aktuelt å spørje Alf Odden (forvaltningssekretariatet for SVR i Suldal) for informasjon om lokalitetar. Lokalitetane skal nyttast i samband med digital formidling og evt. annan fysisk informasjon, samt i samband med kulturminnevandringane (ref. sak. 1.7)

Følgjande villreinrelaterte lokalitetar vart lista opp i møtet samt i notat frå Astrid i forkan (sjå også askeladden). Dette som døme på kva som kan vera aktuelt. Nokre av dei ligg langt frå veg og er såleis vanskeleg tilgjengeleg:

- Reinskortjønna nord for Heiavatn (bogastelle id. 142911)
- Heller vest for Blåsjøvegen også nytta til jakt (id. 5369)
- Spor etter steinalderbuplass ved Mosvatn (id. 72239)
- Fangstannlegg kring Vassdalseggi og Holmavatn (id.64297, id.54673, id.44917, id.142358)
- Diverse lokalitetar langs Ålmånvegen – Ulevatn – Væringsdalen som er vegfar/sideslep til Normannsslepa (Torshidlar id. 24577 og id. 142359)
- Diverse lokaliteter i Bykle: ved Store Urarvatn, Breive nord for store Førsvatn (dyregraver), sør for Vatnedalsdammen (Tommy Vatslid vet meir om staden og viljug til å vera kjentmann), Korpenuten på austheia. Om historia kring tamreindrifta skal vera med er det aktuelle lokalitetar kring Galten i Bykle, mellom anna «Jacobsteinen»

1.5 Lydinnstallasjon på Hovdenut

Innstallasjon på Hovdenut vert teken inn som tiltak i besøksstrategien for SVR og går som eget løp. Svært robuste konstruksjonar som krev lite vedlikehald. Kirsten og Jørn følgjer opp.

1.6 Informasjon på eksisterande besøksentra ref. sak 3 i førre møte.

- Minne kultursenter i Åseral – interessert i å vidareutvikle det som er i dag. Kontaktperson Odd Helge Liestøl i Åseral kommune.
- Informasjonstavle ved Håheller langs Brokke – Suleskardvegen – SVR har ansvar for denne. Snorre Haukalid har allereie materiale som er aktuelt legge inn her. Snorre følgjer opp dette i samarbeid med verneområdeforvaltar Guro Sødergren
- Nesflaten i Suldal – ønskjer ei digital tavle utomhus. Kontaktperson Reidar Sandal (SNO) evt. Alf Odden. Turi følgjer opp.
- Kvæven bygdemuseum i Sirdal – Snorre har hatt møte med Gudrun Ovedal i Sirdal kommune. Det vert arbeida med å revidere planane for museet. Forslag frå Snorre at verdiskapingsprosjektet kan finansiere eit forprosjekt knytt til formidling av Heiberghistoria. Kan evt. delast i to med ein del på Kvæven og ein på Setesdalsmuseet på Rysstad. Magnar Undheim har tidlegare skrive bok om temaet og sitt på mykje av historia. Snorre jobber vidare med å få inn tilbod frå 2-3 leverandørar til eit forprosjekt som visualiserar korleis ei slik utstilling kan sjå ut. I ei slik utstilling skal det leggst vekt på bruk av ljud, bilete og annan digital informasjon.
- Setesdalsmuseet på Rysstad. Interessert i samarbeid men må vite meir om kva det går ut på (ref. førre prikkpunkt). Kontaktperson Anna Stella Karlsdottir.

1.7 Fellesturar (kulturminnevandring) – aktuelle lokalitetar for slike arrangement og kva ein finn av villreinrelaterte kulturminne på desse stadene. Aktuelle samarbeidspartnarar.

For lokalitetar sjå pkt. 1.4 ovanfor.

Samarbeidspartnarar:

Naturlosturar – vert koordinert av Midt Agder Friluftsråd v/ Monica Roland. Frist for å melde inn arrangement er 1. mars kvart år. Arbeidsgruppa ønskjer å melde inn 1 – 2 arrangement her for 2019. Lokalitetar må vurderast nærare men Store Førsvatn i Bykle evt. Pytten i Bygland aktuelt. Arbeidsgruppa stiller med arkeolog (Snorre). Tommy Vadslid forespørres som kjentmann for arrangement i Bykle. Jørn følgjer opp overfor friluftsrådet.

Sogelag – Suldal Sogelag v/ Hadle Eide Bakka veldig interessert i eit nærare samarbeid om slike kulturminnevandringar. Foreslo at det også vert knytt kontakt mot Setesdal sogelag v/Vidar Toreid. Jørn følgjer opp kontakten når vi har skisser til opplegg (lokalitetar, tidspunkt mv).

Turistforeininga – Stavanger Turistforeining (STF) v/Preben Falck interessert i å samarbeide om slike vandringar. Dei kan stille med guide (turleiar) og vi stiller med formidlar. Frist allereie 1. november for å få inn arrangement i STF sitt årsplan. Semje om at dette vert for liten tid til å melde inn opplegg her for 2019. Kontakt må og opprettast mot DNT sør v/Bjørn Steinsland. Ansvar Jørn. Turistforeininga sitt lokallag i Suldal samt barnas turlag er også aktuelle samarbeidspartnarar. Turi oppretter kontakt.

1.8 Val av deltakarar i programkommite for vertskapskurs og guidekurs for reiselivsbedrifter. Aktuelle foredragshaldarar

Ellen Tjørnholm Bøe ved universitetet i Stavanger organiserer opplæring for Arkeologisk Museum i Stavanger sine vertar. God på det tekniske formidling som språk, kroppsspråk, pedagogikk. Bøe kan vera ein ressurs å spele på i høve til innhald og organisering av kurs. Trong for kurs fleire stader vart drøfta. Uvisst om det er mogleg å fylle opp meir ein eit slikt kurs. Avgjernade at innhaldet vert interessan nok for bedrifter. Må leggast opp til undervisning innomhus og med feltdag (ar) der ein ser på konkrete døme/lokalitetar. Målet må vera at deltakarane får grunnlag til å lage eit konsept dei kan nytte i sin verksemd. Turi, Kirsten og Håkon vald til programkommite. Siktemål å få til noko hausten 2019.

Sak 2. Dato for neste møte

Onsdag 5. desember 09.00 – 10.30. Jørn sender ut innkalling (skype)

Sak 3. Eventuelt

Jørn oppmoda arbeidsgruppa til å melde attende om det er innvendinger om arbeidsmåte, organisering og prioritering av tiltak. Viktig at deltakarane i gruppa opplev det som nyttig og meningsfullt å vera med.